

Arkivsak: 2024/112-13

Arkiv: Q13

Saksbehandlar: Øyvind Pedersen

Dato: 03.06.2025

Utskrift saksprotokoll

Saksnummer	Møtedato	Utval
2025/45	10.06.2025	Formannskapet
2025/38	16.06.2025	Kommunestyret

Høyringsuttale - Handlingsprogram for fylkesvegar 2026-29

Vedlegg

- 1 Handlingsprogram for fylkesvegar 2026-29 - høyringsforslag
- 2 Saksframlegg for Samferdselsutvalget Handlingsprogram for fylkesveg 2026-29 - høyringsforslag
- 3 Møteprotokoll Samferdselsutvalet 20250430

Vedtak i Lom kommunestyre 16.06.2025 – i sak 2025/38.

Høyringsuttale til handlingsprogram for fylkesvegar 2026-29 frå Lom kommune.

Lom kommune meiner det framlagde handlingsprogrammet for fylkesveg for 2026-29 er eit grundig dokument og eit eigna grunnlag for vegforvaltninga i Innlandet fylke i planperioden. På bakgrunn av økonomiske rammer som er tilgjengeleg og tilstanden på vegnettet, meiner kommunen at det er rett at ein i handlingsprogrammet legg hovudfokus på å ivareta eksisterande infrastruktur ved vedlikehald og oppgradering av dette.

Lom kommune er nøgd med at kommunen sitt innspel om forlenging av gang- og sykkelveg langs Solsidevegen frå Andvordsjordet fram til bakketopp ved Nordgard Andvord, er kome med i handlingsprogrammet som investeringstiltak som prosjekt GS24. Dette er eit tiltak som kommunen har arbeida for å få gjennomført i mange år, og som vil vere svært gledeleg med tanke på spesielt å sikre skuleveg og også skape trykkleik for gåande og syklande generelt.

Lom kommune er også nøgd med at eit tiltak til på fylkesveg i kommunen har kome med i handlingsprogrammet – nærmere bestemt U25 – Skifte stikkrenne på FV 2644 Flatmovegen

Lom kommune vil be om at to skredsikringstiltak som er prosjekterte av Statens vegvesen blir teke inn i investeringsprogrammet for 2026-29. Dette gjeld:

- Skredsikringstiltak langs FV468 Liavegen (no FV2640) – strekninga frå Nyrnes til Sagodden
- Skredsikringstiltak langs RV55 Sognefjellsvegen (no FV55) – strekninga frå Røisheim til Repp

Desse prosjekta låg klare for gjennomføring på det tidspunktet fylket overtok totalansvaret for fylkesvegnettet og nokre riksvegstrekningar ved regionreforma i 2020. Kommunen spelte ikkje inn desse to prosjekta ved oppstart av arbeidet med handlingsprogrammet for 2026-29, da ein har rekna at desse har vore ein del av portefølja ved overføringa av fylkesvegnettet frå Statens Vegvesen etter regionreforma. Dei to skredsikringsprosjekta var likevel spelt inn av Lom kommune til den førre handlingsplanen for fylkesvegar for 2022-2025 – men har da ikkje vorte realisert av Innlandet fylke. For fylkesvegstrekninga langs Liavegen frå Nyrnes til Sagodden er vegen smal, og kommunen vil foreslå at ein gjennomfører ei breiddeutviding av vegen i tilknyting til gjennomføring av skredsikringstiltaka.

Lom kommune gav dispensasjon frå kommuneplanen for gjennomføring av desse skredsikringstiltaka da dei var omsøkt av vegvesenet i 2019 og 2020. Sidan desse vedtaka, har det gått steinsprang/lausmasseskred som har medført at vegane tidvis har vore stengde – og som naturleg nok medfører fare for trafikantane. Når det gjeld strekninga Røisheim-Repp er det heller ikkje mogelegheiter for omkjøring, noko som medfører at bygdelag i Bøverdalen mister vegforbinding samstundes som trafikken mellom aust og vest over Sognefjellet blir avstengd.

På bakgrunn av at fylkeskommunen ved regionreforma i 2020, har overteke frå Staten ansvaret for eit vegnett som i stor grad har vore nedslite og ikkje tilfredstiller dagens krav, meiner Lom kommune det burde det vore stilt auka økonomiske midlar frå staten for å hente igjen etterslepet på fylkesvegnettet. Spesielt gjeld dette for bruver, det fylket har overteke frå staten bruver som i mange tilfelle har utgått på dato når det gjeld både bereevne, evne til å stå imot flaum, vegbreidde, rekkrverk, tilbod for gåande og syklande med meir.

Ved oppstart av arbeidet med handlingsprogrammet spilte kommunen inn tiltak knytt til to bruver på FV55 Sognefjellsvegen: Elveseter bru og Hoftabrua (ved Røisheim). Tiltaka gjeld påbygging for utviding av breidda og anlegg av felt for gåande og syklande. Lom kommune register at desse to prosjekta ikkje er kome med i handlingsprogrammet for 2026-29. Lom kommune vil be om at dei føreslegne tiltaka for dei to bruene blir teke inn i handlingsprogrammet som del av utrednings- og planleggingsprogram for perioden 2030-31 som er skissert i kapitel 7, slik at desse ligg klare for realisering i neste planperiode.

Lom kommunen kan ikkje sjå at det er strekningar langs fylkesveg i Lom som vil vere særleg eigna for enkel tilrettelegging/ anlegg av turveg som løysing for gåande og syklande som alternativ til ordinær gang- og sykkelveg. Spesielt langs FV55 Sognefjellsvegen, der det er spesielt stor trafikk i sommarhalvåret, ville det vere eit viktig trafikksikringstiltak å få separert gåande og syklande frå biltrafikken. Men sideterrenget til vegen er utfordrande og sidebratt, og omfattar lange strekningar med dyrka mark og beite. Sjølv anlegg av ein enkel turveg her, vil krevje omfattande anleggsarbeid. Det er også eit spørsmål om kor attraktivt ein veg utan fast dekke vil vere å bruke for syklistane, og om mange av dei likevel vil nytte køyrebanen. Dei same forholda er dels gjeldande for FV2638 Solsidevegen, som også er skoleveg og der trafikken er forholdsvis stor. For dei to nemnde fylkesvegstrekningane vil auke av vegbreidda med utvida skulder avsett for gåande og syklande på ei side av vegen vere eitt aktuelt trafikksikringstiltak. Lom kommunen vil be Innlandet fylkeskommune gjere ei utgreiing av slik tilrettelegging med auke av vegbreidda med utvida skulder på delar av FV55

Sognefjellsvegen og FV2638 Solsidevegen i planperioden. Dei mest aktuelle strekningane for slik tilrettelegging er strekninga frå Lom camping til kryss ved Marsteinbruvegen for FV55 (ca. 3,3 km) og strekninga frå Nordre Andvord til kryss ved Marsteinbruvegen for FV2638 (ca. 2,2 km). Dette er vegstrekningar som dels er skuleveg, og som elles er mykje brukt av gåande på tur og av syklistar.

Saksutgreiing

Bakgrunn

Innlandet fylkeskommune har sendt forslag til handlingsprogram for fylkesvegar for perioden 2026 til 2029 på høyring med frist 4. juli 2025.

Handlingsprogram for fylkesveg viser korleis Innlandet fylkeskommune ønskjer å utvikle fylkesvegnettet de neste 4 åra. Arbeidet med revisjonen av handlingsprogram starta i februar 2024. Kommunane har vært involvert i arbeidet, mellom anna gjennom moelegheit for å gi innspel til prosjekter hausten 2024, og det har ved utarbeidingsa vore gjennomført regionvise møte med kommunane.

Framlegget til handlingsprogram har vore behandla i Samferdselsutvalet i Innlandet fylkeskommune 30.04.2025, og ein ber om innspel på forslaget som føreligg. Fylkeskommunen skriv at det er særleg ønskeleg med tilbakemelding på:

1. Korleis vurderer dykk forslag til profil og mål for utviklinga av fylkesvegnettet?
2. Kva er dykkar generelle inntrykk av det investeringsprogrammet som er føreslege? Er det nokon deler av programmet som dykk meiner bør bli endra eller forbetra?
3. Er det nokon moelege samtidigheiter mellom kommunale og fylkeskommunale investeringar, for eksempel innan vatn og avløp, som kan påverke framdrifta på dei prioriterte investeringstiltaka på fylkesveg som er føreslege?
4. Av saksframstillinga til Samferdselsutvalet går det også fram at fylket ønskjer innspel på om det er strekningar langs fylkesveg i kommunen, der ein som alternativ til ordinær fullstandard gang- og sykkelveg kan bygge turveg der det er få moelege brukarar. Dette er ei løysing med lågare standard enn utan fast dekke og lys. Det er ei føresetnad at ei slik løysingen som hovudregel ikkje skal nyttast på skoleveg (mindre enn 2 km frå skolen).

Planen er at Fylkestinget skal vedta Handlingsprogram for fylkesveg 2026 - 2029 i oktober 2025.

Når det gjelder investeringar i planperioden går det fram av forslaget til planprogram at det er lagt hovudfokus på å ivareta eksisterande infrastruktur og vegnett. Tilstanden på vegnett og infrastruktur har veid tungt når fylkeskommunen har gjort ei prioritering av tiltak. Det er vidare eit generelt krav til at nye tiltak skal bidra til økt trafikksikkerheit og ivareta miljøomsyn.

I innspelsrunda hausten 2024, kom det inn totalt 421 forslag frå kommunane om tiltak på fylkesvegnettet. Fylkeskommunen skriv at dei kommunale innspela har vore eit viktig grunnlag for å velge ut investeringstiltak i nytt handlingsprogram. Og at særleg gjeld dette dei høgast prioriterte tiltaka frå kommunane.

Det er lagt opp til ei investeringsramme på 3450 millionar kroner på vegnettet i fylket i planperioden.

Tabellen under er henta frå handlingsprogrammet, og viser korleis investeringsramma 2026-29 er fordelt på programområde:

Programområde	2026-2029 (mill. kr, 2025 kr)
Utbetring	1810
Gang- og sykkel	455
Trafikksikkerheit	120
Kollektivtiltak	20
Bru	700
Miljø	45
Planlegging	150
Open post	100
Spleiselas 50	50
Totalsum (mill. kr, 2025 kr)	3450

Høyringsutkastet til Handlingsprogrammet for fylkesveg 2025-29 er eit ganske omfattande dokument på 59 sider. Det gir ein dekkande omtale av utfordringar ein står ovafor i Innlandet, som har det mest omfattande fylkesvegnettet i landet. Dokumentet gir eitt oppdatert bilde av situasjonen knytt til trafikkulykker og mål knytt til arbeidet med trafikktryggleik. Klima- og miljøutfordringar knytt til vegnettet har ei brei omtale, og det er også kapitel som tek for seg bruver/bruvedlikehald og fjellovergangar og forbindigar aust-vest.

I handlingsprogrammet kapitel 4.2 går det fram dei måla fylkeskommunen set seg for utviklinga av fylkesvegnettet i planperioden, jf. tabellen under.

Mål for utviklinga av fylkesvegnettet 2026 - 2029	
1.	Eit trafikksikkert fylkesvegnett som bygger opp om nullvisjonen.
2.	Fleire vel gåing, sykling og kollektivtransport.
3.	Eit godt utvikla og drifta fylkesvegnett med god framkomst for alle trafikantgrupper.
4.	Lågt klimaavtrykk fra eigen verksemد.
5.	Fylkesvegnettet er tilpassa eit klima i endring.
6.	Eit godt utvikla og drifta fylkesvegnett som tek omsyn til økosystem og artsmangfald.
7.	Oppretthalde god transportevne på fylkesvegnettet.

Ein viser til forslaget til handlingsprogram som er vedlegg til saka.

Vurdering

Lom kommune kom med innspel ved oppstart av arbeidet med handlingsprogrammet for fylkesvegar 2026-29 etter behandling og vedtak i kommunestyret 21.10.2024. Følgjande tiltak på fylkesvegnettet i Lom var spelt inn i prioritert rekkefølge:

1. Fylkesveg 2640 Liavegen, fotgjengarovergang Stupulvegen-Liavegen
Etablere fotgjengarovergang ved kryss mellom Stupulvegen og Liavegen. Det skal byggast gang- og sykkelveg langs Stupulvegen ved utbygging av leilegheiter jamfør reguleringsplan for Stupulvegen. Tiltaket er prioritert i kommunal trafikksikringsplan.

2. Fylkesvegen 2638 Solsidevegen, gang- og sykkelveg

Gang- og sykkelveg på austsida av fylkesveg 2638 opp til fotgengarovergangen over til Gamlevegen i samsvar med vedteken reguleringsplan for Loar skule. Tiltaket er prioritert i kommunal trafikksikringsplan.

3. Fylkesveg 2638 Solsidevegen, gang- og sykkelveg

Forlenging av strekning av gang- og sykkelveg fram til bakketopp ved Nordgard Andvord som i vedteken reguleringsplan (190 m). Strekninga vart ikkje fullført som del av prosjekt for bygging av gang- og sykkelveg frå Lom helseheim til Andvordsjordet som ble slutført i 2019. Tiltaket er prioritert i kommunal trafikksikringsplan.

4. Fylkesveg 55, Geidde

Utgreiing av prosjekt for å føre fylkesveg 55 gjennom tunell ved Geidde.

5. Fylkesveg 2640 Liavegen, parkeringsplass

Tilrettelegging av parkeringsplass for besökande til klatrefeltet i Tronoddberget ved Mjølkehåmmåren. Klatrefeltet blir mykje brukt i sommarsesongen. Tiltaket er prioritert i kommunal trafikksikringsplan.

6. Fylkesveg 55 – Sognefjellsvegen, Elvesæter bru

Påbygging for utviding av breidda og gang- og sykkelveg over Elvesæter bru. Tiltaket er prioritert i kommunal trafikksikringsplan.

7. Fylkesveg 55 Sognefjellsvegen, Hoftabrua

Påbygging for utviding av breidda og gang- og sykkelveg over Hoftabrua. Tiltaket er prioritert i kommunal trafikksikringsplan.

Når kommunen skal gi uttale til handlingsprogrammet og punkta fylkeskommunen ønsker nærmere attendemelding på, vil det også vere tenleg først å sjå korleis innspela frå Lom kommune er følgt opp.

Når det gjeld kommunen si prioritering pkt. 1 - fotgengarovergang Stupulvegen-Liavegen på fylkesveg 2640 Liavegen, er dette eit så vidt lite omfattande tiltak at det ikkje kan bli forventa å få sitt eige punkt i handlingsprogrammet til fylket, men forhåpentlegvis kunne bli gjennomført likevel som del av investeringane knytt til trafikksikkerheit. I tillegg til å spele det inn ved planoppstart, har kommunen vendt seg i brevs form til fylkeskommunen om dette tiltaket (21.04.2025). Bakgrunnen er at det nå er under bygging gang- og sykkelveg langs Stupulvegen i kommunal regi. Ein har fått eit førebels svar frå fylket om at dei vil vurdere tiltaket og kome med eit formelt svar til kommunen.

Når det gjeld kommunen si prioritering pkt. 2 – ny gang- og sykkelveg ved Loar skule (på skulesida i samsvar med vedteken reguleringsplan), er dette ikkje kome med i handlingsprogrammet.

Fylkeskommunen har tidlegare avvist å gi prosjektmidlar for støtte til tiltaket i samband med at kommunen har søkt delfinansiering i samband med trygging av skuleveg.

Når det gjeld kommunen si prioritering pkt. 3 - forlenging av gang- og sykkelveg langs Solsidevegen frå Andvordsjordet fram til bakketopp ved Nordgard Andvord, er tiltaket kome med i handlingsprogrammet som prosjekt GS24 med ein investeringskostnad stipulert til 4 millionar kr (kapitel 6.6 Gang- og sykkel).

Kommunen innspel til tiltaka 4-7 er ikkje kome med eller omtalt/nemnt i handlingsprogrammet. Tiltak 6 og 7 gjeld bruer (Elveseter bru og Hoftabrua). Når det gjeld bruer viser omtalen i

handlingsprogrammet kapitel 3.11, at det er et svært stort etterslep i fylket, og at levetida for mange av bruene er brukt opp og at dei ikkje har tilfredsstillande funksjonalitet når det gjeld bereevne, flaum, vegbreidde, rekkverk, tilbod for gåande og syklande med meir. Sjølv om den økonomiske investeringsramma til programområde bru er auka betydeleg i dette handlingsprogrammet, samanlikna med handlingsprogrammet for 2022-25, er det nok ikkje lett å kome til topps på denne prioriteringslista med dei midlar fyket har til rådighet. Handlingsprogrammet skisserer at det også er forventa at bruer i fylket kan bli stengd på grunn av därleg tilstand. Ein kjenner ikkje til at det er så därleg tilstand på Elveseter bru og Hoftabrua. Det er positivt at handlingsprogrammet legg opp til å vidareføre kartlegging av brusituasjonen, men mindre positivt at dei to bruene i Lom ikkje er med på bruprosjekt som er lista opp som del av utrednings- og planleggingsprogram for perioden 2030-31, som er skissert i kapitel 7.

Det er også eit prosjekt til i Lom som er med i handlingsprogrammet for fylkesvegar for 2026-29 – nærrare bestemt U25 – FV 2644 Flatmovegen – Skifte stikkrenne, med ein investeringskostnad stipulert til 2 millionar kr (kapitel 6.5 Utbetring). Dette tiltaket er ikkje spelt inn av kommunen, og sorterer inn under behov for vedlikehald og sikring av anlegg som handterast av fylket som vegeigar. Kommunen helser tiltaket velkommen, og reknar at tiltaket er godt grunngjeve slik ein kjenner tilstanden på vegen.

Når det meir generelle problemstillingane som fylket særskilt ber om attendemeldingar på – nemnt som nr. 1, 2 og 3 i høyringsbrevet og i forordet til handlingsprogrammet, har kommunedirektøren gjort desse vurderingane:

1. Korleis vurderer dykk forslag til profil og mål for utviklinga av fylkesvegnettet?

Kommunedirektøren har forståing for og støttar innretninga med at det er lagt hovudfokus på å ivareta eksisterande infrastruktur og vegnett. På bakgrunn av økonomiske rammer som er tilgjengeleg, har ein forståing for at tilstanden på vegnett og infrastruktur må vege tungt når fylkeskommunen har gjort ei prioritering av tiltak. På bakgrunn av at fylkeskommunen har overteke Staten sitt ansvar for eit vegnett som i stor grad har vore nedslite og ikkje tilfredstiller dagens krav, burde det vore stilt auka økonomiske midlar frå statleg hald for å hente igjen etterslepet. Spesielt gjeld dette for bruer, det fylket har overteke bruer som i mange tilfelle har gått ut på dato når det gjeld både bereevne og andre sikkerheitsomsyn.

2. Kva er dykkar generelle inntrykk av det investeringsprogrammet som er føreslege? Er det nokon deler av programmet som dykk meiner bør bli endra eller forbetra?

Kommunedirektøren ønskjer sjølvsagt at fleire av dei prosjekta som kommunestyret i Lom har spelt inn, hadde kome med i investeringsprogrammet for 2026-29. Ein er likevel svært fornøgd med at forlenging av gang- og sykkelveg langs Solsidevegen frå Andvordsjordet fram til bakketopp ved Nordgard Andvord har kome med i investeringsprogrammet (GS24). Dette er eit prosjekt som kommunen har arbeida for å få gjennomført i mange år, og som vil vere svært gledeleg med tanke på spesielt å sikre skuleveg og også skape trykkleik for gåande og syklande generelt.

I det framlagte investeringsprogrammet, vil kommunedirektøren føreslå at ein etterlyser to prosjekt i Lom som gjeld rassikring og som er godkjent for gjennomføring av kommunen. Desse to skredsikringsprosjekta var i si tid prosjektert og omsøkt av Statens Vegvesen like i forkant av

regionreforma i 2020, da fylkeskommunen overtok det totale ansvaret for fylkesvegnettet og ein del tidlegare riksvegstrekningar. Dette gjeld:

- Skredsikringstiltak langs FV468 Liavegen (no FV2640) – strekninga frå Nyrnes til Sagodden
- Skredsikringstiltak langs RV55 Sognefjellsvegen (no FV55) – strekninga frå Røisheim til Repp

Kommunen spelte ikkje inn desse to prosjekta ved oppstart av arbeidet med handlingsprogrammet for 2026-29, da ein har rekna at desse har vore ein del av portefølja ved overføringa av fylkesvegnettet frå Statens Vegvesen etter reforma i 2020. Dei to skredsikringsprosjekta var likevel spelt inn av Lom kommune til den førre handlingsplanen for fylkesvegar for 2022-2025 – men har da ikkje vorte realisert.

Lom kommune gav dispensasjon frå kommuneplanen for gjennomføring av desse skredsikringstiltaka for den første saka langs Liavegen den 17.06.2019, og for den andre saka langs Sognefjellsvegen den 20.02.2020. Den gong Statens Vegvesen hadde hand om desse vegstrekningane, var dei to skredsikringsprosjekta prioritert til å få skredsikringsmidlar som Oppland fylke var tildelt. Prosjekta er altså ikkje gjennomført, og det har sidan vettaka gått steinsprang/masseskred som har medført at vegane tidvis har vore stengde – og som naturleg nok medfører fare for trafikantane. Når det gjeld strekninga Røisheim-Repp er det heller ikkje mogelegeheter for omkjøring, noko som medfører at bygdelag i Bøverdalen mister vegforbinding samstundes som trafikken mellom aust og vest over Sognefjellet blir avstengd. Kommunedirektøren vil spele inn att at desse prosjekta som ein del av uttala til handlingsprogrammet for 2026-29 for å at desse to viktige sikringstiltaka blir gjennomførte.

3. Til det tredje spørsmålet frå fylkeskommunen kjenner ein ikkje til mogelege samtidigheter mellom kommunale og fylkeskommunale investeringar, for eksempel innan vatn og avløp, som kan påverke framdrifta på prioriterte tiltak i handlingsprogrammet.

Det er få prosjekt som etter planen skal gjennomførast i Lom kommune, og det er ikkje prosjekter knytt til VA eller kommunalteknikk som er aktuelle å gjennomføre i tilknyting til prosjekter som er spelt inn langs fylkesveg i Lom kommune.

4. Til det fjerde spørsmålet frå fylkeskommunen er kommunedirektøren usikker på om det er strekningar langs fylkesveg i Lom som er vil vere særleg eigna for enkel tilrettelegging anlegg av turveg som løysing for gåande og syklande som alternativ til ordinær gang- og sykkelveg.

Spesielt langs FV55 Sognefjellsvegen, der det er spesielt stor trafikk i sommarhalvåret, ville det vere eit viktig trafikksikringstiltak å få separert gåande og syklande frå biltrafikken. Men sideterrenget til vegen er utfordrande og sidebratt, og omfattar lange strekningar med dyrka mark og beite. Sjølv anlegg av ein turveg her vil krevje omfattande anleggsarbeid. Det er også eit spørsmål om kor attraktivt ein veg utan fast dekke vil vere å bruke for syklistane, og om mange av dei likevel vil nytte køyrebanen. Dei same forholda er dels gjeldande for FV2638 Solsidevegen, som også er skoleveg og der trafikken er forholdsvis stor. Når det gjeld FV2640 Liavegen er strekninga lang og avstanden frå sentrum for lang til at skulebarn går eller syklar til skulen. Trafikken på Liavegen er også mindre konsentrert enn på Sognefjellsvegen og Solsidevegen. For dei nemnte fylkesvegnettene, vil auke av vegbreidda med utvida skulder avsett for gåande og syklande, vere eit aktuelt trafikksikringstiltak.

Behandling i formannskapet 10.06.2025 – sak 2025/45

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå kommunedirektøren vart samråystes vedteke.

Behandling i kommunestyret 16.06.2025 – sak 2025/38

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå formannskapet vart samråystes vedteke.

(Vedtaket står først i dokumentet)